



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
42/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	19/443

### TILSKOT FRÅ VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV TIL SKILTING PÅ GAMLE FERDSLEVEGAR, VERPELSTAD, GNR.52, BNR 1 OG 2.

#### Vedlegg:

Søknad om tilskot til skilting på gamle ferdslevegår, Verpelstad

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fondsstyret (formannskapet) for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, løyver inntil kr. 6 300,- i fondsmidlar til Kåre Olav Aldal, grunneigar av gnr. 52, bnr. 1 Verpelstad.

Tilskotet skal nyttast til å setje opp stadnamn- og informasjonsskilt langs gamle ferdslevegår mellom Naustbakken til Verpelstad – og mot markaløa i Botn, gnr. 52, bnr. 1 og 2 i Vaksdal kommune.

Tilskotet er løyvd i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2.

Tilskotet utgjer 49 % av godkjent kostnad på kr. 12 730,-. Den prosentvise utbetalinga vert gjort på bakgrunn av faktiske kostnader, med godkjent kostnad som øvre grense.

Tilskotet vert utbetalt på bakgrunn av sluttrapport, med naudsynt dokumentasjon (kvitteringar, bilete og liknande).

Arbeids- og rapporteringsfrist for tiltaket er sett til 31.12.2020. Tilskotet fell vekk etter dette.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 42/2019

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak

#### FPØ - Vedtak:

Fondsstyret (formannskapet) for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, løyver inntil kr. 6 300 i fondsmidlar til Kåre Olav Aldal, grunneigar av gnr. 52 bnr. 1 Verpelstad.

Tilskotet skal nyttast til å setje opp stadnamn- og informasjonsskilt langs gamle ferdsleveggar mellom Naustbakken til Verpelstad – og mot markaløa i Botn, gnr. 52 bnr. 1 og 2 i Vaksdal kommune.

Tilskotet er løyvd i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2.

Tilskotet utgjer 49 % av godkjent kostnad på kr. 12 730,-. Den prosentvise utbetalinga vert gjort på bakgrunn av faktiske kostnader, med godkjent kostnad som øvre grense.

Tilskotet vert utbetalt på bakgrunn av sluttrapport, med naudsynt dokumentasjon (kvitteringar, bilete og liknande).

Arbeids- og rapporteringsfrist for tiltaket er sett til 31.12.2020. Tilskotet fell vekk etter dette.

### **Saksframstilling/bakgrunn for saka:**

I søknad av 03.04.19 søker Kåre Olav Aldal om kr. 6 300,- i tilskot til å setje opp stadnamn- og informasjonsskilt langs gamle ferdsleveggar frå Naustbakken til Verpelstad, og mot markaløa i Botn, gnr. 52, bnr. 1 og 2.

Det vert søkt om finansiering frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv. Søklar er grunneigar på gnr. 52, bnr. 1. Grunneigar av gnr. 52, bnr. 2 har gjeve skriftleg samtykke til å gjennomføre tiltaket, jf. vedlegg til søknaden.

Føremålet med tiltaket er å gjere bruk av gamle stadnamn langs ferdsleveggen, og å informere om den kulturhistoriske bruken av området, mellom anna ved markaløa:

- Markaløa er ca 200 år gamal. Her vart det slått fram til 1958. Høyet vart lagra løa, og frakta heim om vinteren, kombinert ved bering på ryggen, bruk av løypestreng og transport med hest og slede.

Det skal setjast opp til saman 16 stadnamnsskilt og 2 informasjonsskilt.

Det er tidlegare gjeve midlar frå fondet til rydding av ferdslevegane, og søklar opplyser at gangvegane har blitt tekne i bruk att etter ryddinga. I dette høve er inntrykket at planlagt skilting og informasjonsformidling vil utgjere ein ekstra verdi for turgåarar.

### **KOSTNADSOVERSLAG:**

· Impregnerte bord: 21 x 90 mm, 18, m a kr. 15:	kr. 270,-
· Impregnert plank til stolpar: 48 x 98 mm, 32 m., a kr 30,-:	kr. 960,-
· Infoskilt i aluminium: 60 x 40 cm,	kr. 2 500,-
· <u>Eige arbeid (produksjon og oppsetjing av skilt: 30 timar, a kr 300,-</u>	<u>kr. 9 000,-</u>
<b>SUM TOTAL</b>	<b>kr. 12 730,-</b>

## FINANSIERING:

· Fondstilskot	kr. 6 300,-
· <u>Eigeninnsats</u>	kr. 6 430,-
SUM	kr. 12 730,-

## Formelt grunnlag

- Vedtekter for Vaksdal kommune sitt fond for vilt-, fiske og friluftsliv

## Vurdering og verknadar

Tilrettelegging for friluftsliv er eitt av saksområda for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, jf. § 2 i fondsvedtektene. I dette høve vert søknaden vurdert å vere innafor fondsføreområdet.

Inntrykket er at kostnadsoverslaget i søknaden er realistisk, og budjettert kostnad ved eigeninnsats (kr. 300,-/t) er innafor det beløpet som kommunen har godkjent i andre saker, jamfør SMIL.

I følgje § 5 i fondsvedtektene er målsetjinga at om lag 25 % av fondsbruken over ein 5-årsperiode, skal nyttast til friluftslivføreomål. Bruken til no ligg noko over dette, men erfaringar tydar på at fordelinga mellom dei ulike fondsføreomåla vil jamne seg ut i løpet av perioden. Samstundes utgjer søknadssummen på kr. 6 300,- lite for den samla fondsbruken.

I følgje § 3 i vedtektene skal grunnkapitalen for fondet vere kr. 250 000,-. Kapital over dette er frie fondsmidlar. Fondssaldoen per 01.01.2019 gjev for rom for å tildele kr. 6 300,- i tilskot, og tildelinga fører ikkje til at grunnkapitalen kjem under fastsett minstepeløp. Tildelinga vil heller ikkje gå ut over høvet for å løyve midlar til andre, mogelege søkjarar.

## Konklusjon

Søknaden om tilskot til å setje opp namne- og informasjonskilt samsvarer med fondsføreområdet. Tiltaket vil kunne styrkje turopplevinga til turgåarar. Tildelinga er innafor vedtektene sine krav til grunnkapital, og fondssaldoen etter tildeling sikrar fondet økonomisk handlingsrom.

Rådmannen går inn for å løyve kr. 6 300,- i fondstilskot til tiltaket.